



**FYLKESMANNEN  
I ROGALAND**

Dykkar ref.:

Vår dato: 28.09.2016

Vår ref.: 2016/11385

Arkivnr.: 521.9

Bjerkreim kommune  
Postboks 17  
4389 Vikeså

Att. Gerd S. Engelsgjerd

Postadresse:  
Postboks 59 Sentrum,  
4001 Stavanger

Besøksadresse:  
Lagårdsveien 44, Stavanger

---

T: 51 56 87 00

F: 51 52 03 00

E: [fmropost@fylkesmannen.no](mailto:fmropost@fylkesmannen.no)

---

[www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland)

## **Varsel om forvaltningskontroll i Bjerkreim kommune**

Vi viser til brev datert 18.12.2015, der Fylkesmannen kom med informasjon om statlege tilsyn med kommunane i 2016. I vedlegg til brevet kjem det fram at landbruksavdelinga hos Fylkesmannen skal gjennomføre ein forvaltningskontroll på landbruksområdet i Bjerkreim kommune i løpet av andre halvår 2016. Vi ønskjer med dette brevet å informere om kontrollen og avtale dato for denne.

### **Forslag til dato for kontrollen**

Vi vil føreslå å gjennomføre kontrollen torsdag 10. november 2016. Som alternativ dato har vi sett opp fredag 11. november. Vi håper ein av desse datoane passar, og ber om tilbakemelding på dato innan 3. oktober 2016.

### **Bakgrunn for forvaltningskontrollen**

Fylkesmannen har det regionale ansvaret for at tilskot på landbruksområdet blir forvalta og kontrollert i samsvar med dei overordna føresetnadene og etter gjeldande lover og reglar. I dette ligg det mellom anna at Fylkesmannen skal gjennomføre risikobaserte kontrollar av kommunane på landbruksområdet. Sist det blei gjennomført tilsvarande forvaltningskontroll i Bjerkreim kommune var 9. juni 2010.

Heimel for kontrollen er forskrift 12.12.2003 nr. 1938 om reglement for økonomistyring i staten, § 15.

### **Informasjon om kontrollen**

Under kontrollen vil vi sjå nærare på kommunen si forvaltning av regelverket knytt til ordningane med produksjonstilskot i jordbruket, tilskot til avløyning ved sjukdom m.v, tilskot etter regionalt miljøprogram og saker som gjeld nydyrking.

Vi vil i god tid før avtalt dag komme tilbake med meir detaljar om aktuelle tema og kva vi ønskjer at kommunen har klart i forkant av sjølve kontrollen.

Gjennomføring av kontrollen vil skje i løpet av ein dag med følgjande agenda:

09.00-09.30 Formøte med informasjon om kontrollen, føremål, grunnlag og omfang

09.30-14.30 Intervju og gjennomgang av dokument

14.30-15.00 Sluttmøte med oppsummering av funn frå undersøkingane

Fylkesmannen ber om at det blir lagt til rette for intervju med fagansvarleg for landbruk og saksbehandlar(ane) for dei ulike ordningane. I tillegg ønskjer vi at rådmann og/eller kommunalsjef deltek på formøtet og sluttmøtet, og ser det som positivt dersom dei har anledning til å delta under heile kontrollen.

Frå Fylkesmannen møter landbruksdirektør Geir Skadberg i tillegg til saksbehandlarane med ansvar for dei ulike ordningane som blir kontrollerte. Kontrollansvarleg for denne forvaltningskontrollen er Sissel C. Endresen.

Ta kontakt om det er spørsmål til gjennomføring av kontrollen.

Med helsing

Geir Skadberg  
landbruksdirektør

Sissel C. Endresen  
fung. ass. landbruksdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksbehandlar: Sissel C. Endresen  
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 60  
E-post: fmrosce@fylkesmannen.no